

# Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr  
20229030

Oppdragsnr

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Alver Kommune	4631	Postboks 4	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Slettevegen 49	467	13	0	0	Bondevik Terese Skår (Hjemmelshaver)
Slettevegen 49	467	13	0	0	Skår Rune Hjelmeland (Hjemmelshaver)
Slettevegen 54; Slettevegen 50	467	3	0	0	Namtvedt Vidar (Hjemmelshaver)

## Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvika:	Dato	Kl	Stad
	21.02.2023	09.30	Slettevegen 49

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining
<input type="checkbox"/> Grunneigedom <input type="checkbox"/> Festegrunn <input type="checkbox"/> Anleggseigedom <input type="checkbox"/> Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn
<input type="checkbox"/> Grensejustering <input checked="" type="checkbox"/> Klarlegging av eksisterande grense <input type="checkbox"/> Nymerking av eksisterande grense <input type="checkbox"/> Registrering av ureg. jordsameige <input type="checkbox"/> Matrikulering av umatrikulert grunn
<input type="checkbox"/> Arealoverføring <input type="checkbox"/> Anna

Forklaring  
Klarlegging av grenser for naustetomt

Saksbehandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
Rekvirent Bondevik Terese Skår Skår Rune Hjelmeland Namtvedt Vidar			Rekvisisjonsdato 21.12.2022

## Habilitet

Landmålaren sitt namn  
Kjartan Medaas

- Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.
- Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga?  Nei  Ja (jfr. vedlegg)

## Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt frammøte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

## Saksdokument - bakgrunn for forretninga

Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

**Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.**

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Målemetode	Nøyaktighet (cm)
1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent	GPS Fasemåling RTK	2
2	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jord	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent	GPS Fasemåling RTK	1
3	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent	GPS Fasemåling RTK	2
4	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensepunkt	Godkjent	GPS Fasemåling RTK	1
5	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt	Godkjent	GPS Fasemåling RTK	3
6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensepunkt	Godkjent	Terrengmålt	2
5X	Geometrisk hjelpepunkt Nedsatt i: Ikke spesifisert	Nytt grensepunkt	Godkjent	Beregnet	
4X	Geometrisk hjelpepunkt Nedsatt i: Ikke spesifisert	Nytt grensepunkt	Godkjent	Beregnet	

## Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikelbrev • klagerett og fristar

Oppmålingsforretning i samband med klarlegging av grenser for gbnr 467/13.

Oppmøte: For gbnr 467/13- Therese Skår Bondevik og Rune Hjelmeland Skår. For gbnr 467/3- Vidar Namtvedt. Det var opprinneleg rekvirert klarlegging av naustetomta, men klarlegginga vart utvida til også å gjelde nordre grenseline for hyttetomta. Denne utvidinga vart gjort etter at varsel om oppmålingsforretning var sendt ut. Vestland fylkekommune, gbnr 467/25, var derfor ikkje varsla om forretninga. Landmålar har vore i kontakt med Nils Helge Teigen i Fylkeskommunen. Fylkeskommunen får tilsendt protokoll for godkjenning før grensa vert endeleg fastlagt.

Framlagte dokument: Skyldeling for gbnr 467/13 frå 27.07.1964, målebrev for søndre grenseline for hyttetomta og ferdigvegskart og heimelsdokument frå Statens vegvesen i samband med utviding av fylkesvegen frå 1988.

Forretninga vart halden den 21.02.2023.

Det vart funne 2 grensemerke i nordre grenselinafor hyttetomta. Kryss i berg i nordaustre hjørna og offisielt grensemerke (utan kule) i nordvestre hjørna, mot fylkesvegen. Vidar Namtvedt opplyste at dette merket vart sett ned av Radøy kommune i samband med kartforretning over den søndre grenselina for gbnr.467/13. Ein har ikkje funne dokumentasjon på dette. Partane var samde om at grensa mellom eigedomane skal gå i rett line mellom desse to grensepunkta (punkt 5 og 6 i kartvedlegget til denne protokollen). I tillegg vart grensemerke nr.1 jf. kartvedlegg til protokollen kontrollmålt. Her fann ein avvik i korrdinatverdiane på omlag 15 cm. Koordinatane på punktet vert derfor oppdatert.

For naustetomta vart det funne att eit grensemerke i søraustre hjørna, kross i berg. ingen andre merke vart funne. Ut frå måla i skyldelingsfor bnr.13 går det fram at naustet er bygd dels inn på gbnr 467/3 sin eigedom. I følgje Vidar Namtvedt kan dette skuldast at då tomte vart oppretta var planen at naustet skulle ha oppdrag mot søraust, medan det vart bygd med oppdrag mot nord. Punkt nr.6 jf. kartvedlegg til protokollen vart målt inn med måleband frå hjelpunkt og grensepunkt målte med gps. Punktet vart utjamna (beregna) saman med gps målingane.

Partane var samde om å justere grensene slik at naustet vert stårande på eigen grunn. Sidan berre eit grensemerke vart funne var det vanskeleg å rekonstruere dei opprinnelege grensene. Ein anslår at eit areal på omlag 6 m<sup>2</sup> vart overført frå bnr.3 til bnr.13 i sørvest. Og eit tilsvarande stort areal vart overført frå bnr.13 til bnr.3 i nordvest. Partane skreiv under på avtale om grensejusteringa og dei nye grensene for naustetomta (vedlagt). Dette er innanfor arealgrensa for grensejustering sett i matrikkelforskrifta (5% av minste tomt: 1006m<sup>2</sup>- Maks 500m<sup>2</sup>). Overdraginga er vurdert som konsesjonsfri.

Verdien på areala er vurdert å vera under verdigrensa sett i matrikkelforskrifta. (150 kr x 6 = 900kr) Maksgrrensa = 1G = 111 477 kr.

Retning i sjø vert i forlenging av punkt 2-1 og punkt 3-4. Eigedomstreitt i sjø så langt ut som privat eigedomstreitt går. Partane skulle sjølv skrive avtale om båttoppdrag i nord som dels går ut over den i dag bestemte eigedomstreitt for bnr.13. Grense mot sjø vert henta frå kystkontur i kartet med datafangst dato 01.06.2018.

Grensene for gbnr 467/13 sin naustetomte vert etter dette definert av rette liner mellom punkta 5X, 5, 6, 4 og 4X jf. kartskisse til denne protokollen.

Måling og kvalitet:

Måling av grensepunkta er utført med GPS og måleband den 02.03.2023 og utført etter standard for eigedomsmåling. Målingane tilfredstillar krava til nøyaktighet sett i eigedomsstandard.

Forretninga vert anbefalt matrikkelført. Kopi av protokoll vert sendt alle partar.

Stad

Frekhaug

Dato

06.03.2023

Underskrift

Kjartan Medlaas

(saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)		<b>Vedlegg</b>		
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
<b>X</b>	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
<b>X</b>	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
<b>X</b>	Kartvedlegg til protokoll			
<b>X</b>	Kartvedlegg til protokoll			